



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 2

2014

ÅRGANG 29



Pustut - slik var det



Pustut - slik var det planlagt



Pustut - slik var det

Foto: Ragnvald Halset

## Dugnad på Pustut 10. mai

## Dugnad og rekeselskap på Nordfjordhytta 24-25. mai

## Minneord etter Andreas Bjørkum

## Vårslepp i laget og ringen!

Laget har hatt årsmøte og eit par styremøte og planlegg ein heil del frametter. Allereie 1.-mai-helga dreg ein god gjeng frå ringen og eit par frå laget på Rørosleken og dansar heile helga.

Torsdag 8. mai skal me feira Alf Prøysen med å gå og sjå "Trost i Taklampa" på Det Norske Teatret. Begge desse arr. er fullboka. Men helga etter, dvs.

- **laurdag 10. mai** frå kl. 11 er det eit fint høve til å bli med på rydde- og reingjeringsdugnad på Pustut oppå Sinober. Sjå orientering annan stad i avisa.
- **Laurdag 17. mai** dansar ringen på fleire institusjonar i Bærum, tradisjon i meir enn ein mannsalder. Om kvelden er det **folkedans for alle i Nordahl Bruns gate 22 – kl. 20.14**,
- Helga etter, **24.–25. mai** er det vårdugnad og rekeselskap på Nordfjordhytta på Rykkin uti Bærum. Sjå orientering annan stad i avisa.
- **Sundag 1. juni** frå kl. 11.30 går Bygdelagsstema føre seg på Norsk Folkemuseum på Bygdøy. Program kjem på bls.no.
- **Same sundag kl. 19.00** er det Prøysen-kveld i Maridalen kirke, med Ove Røsbak og Tone Ringen (slektar frå Lærdal) og fleire, sjå eiga side.
- Og så må me ta med ei påminning om å betala medlemspengane for i år, så sant du ikkje alt har gjort det. Dei som ikkje er medlemmer i ringen også, fekk tilsendt giroark ei tid før påske.

Sist lyst me meldat at ein av våre mest trufaste lagsfolk i fleire tiår, Andreas Bjørkum døydde 1. april og vart gravlagd frå Asker kirke i ei særskilt vakker og verdig gravferd torsdag 10. april. Me har eit minneord om denne heidersmannen i laget vårt i dette bladet.

**Alv Reidar Dale**  
Lagsleiar

## Dugnad på Pustut laurdag 10. mai

Dugnad 10. mai. Vi treng å få hytta i stand inne og ute etter oppussing og vinter. Det vert rydding og reingjering.

Dei som vil kan overnatte til søndag, men må då ha med sovepose og mat og drikke for denne dagen og for neste morgen. Overnattinga er gratis.

Eg reiser denne dagen med tog kl. 09.42 (toget til Jaren) frå Oslo S til Snippen i Maridalen. Toget er på Snippen ca. kl. 10. Så dersom nokon kører bil, og vil gå saman med meg til hytta, må de vere på Snippen til kl. 10.

Hyttestyret  
ved Agnar Hegrenes, tlf 92496438, [agnar.hegrenes\\_krøllalfa@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes_krøllalfa@nilf.no)



Biletet syner det nye tilbygget til hytta. Foto: Alv Reidar Dale.

## Rekeselskap på Nordfjordhytta 24. - 25. mai

Vi inviterer til hyttehelg med god mat og drikke og prat. Ta med reker og høveleg drikke til festmåltid laurdagskvelden. Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag.

Det blir litt dugnad ifm rekeselskapet, elles etter behov når det passer.

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa ([daa\\_krøllalfa@ssb.no](mailto:daa_krøllalfa@ssb.no))

## Første tysdag i kvar månad

Vi møtast på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

## Medlemspengar og -kort

I år føregår innbetalinga på to måtar. Nokre har betalt via Ringen og får tilsendt eit medlemskort. Alle andre betaler ved å nytte tilsende giroblankettar med medlemskort, og har gyldig kort når kvitteringstrykket er limt på.

Vi minner om alle føremunar med medlemsskap i Laget:


- Avslag i billettprisen på laget sine tilskipingar
- Rimeleg overnatting på lagshyttene
- Lagsbladet «Tre Fjordar» 6–7 gonger i året og “Ungdom” frå Noregs UL
- Jamt 20 % rabatt på billettprisane på Det Norske Teatret
- 10 % rabatt på Kaffistova og Heimen i Oslo
- Nokre hotell gir òg rabatt: Bondeheimen i Oslo, Hordaheimen i Bergen

Vi vonar retteleg mange betaler medlemspengar til laget i 2014.

Helsing styret  
v/Agnar Kvellestad (styremedlem)

## Minneord etter Andreas Bjørkum

Andreas Bjørkum, ein av våre eldste og mest trufaste lagsmedlemmer, han var med i om lag to mannsaldrar, døydde 1. april. Han vart 82 år gammal. Vår fremste kulturberar og målhovding er vekke. Han var frå Viki/Nattvik i Årdal, men gjekk landsgymnas på Eidsvoll og studerte so norsk ved Universitetet i Oslo på 1950-talet, tok hovudfag i nordisk på sekstitallet og i 1974 doktorgraden. Han fekk ei lang og rik livsgjerning som språkforskar og formidlar ved UiO frå 1962, lengste tidi som professor. Ja, han arbeidde der nesten dagstøtt radt til sist haust.



Han kom tidleg med i Sognalaget i Oslo, var formann i 1963, før han vart leiar i det som då heitte Oslo Fylkeslag (av Noregs Ungdomslag) i to år, 1964 og 1965. So leidde han nemndi som arbeidde fram nytt namn på fylkeslaget, Bygdelags-samskipnaden i Oslo, og på bygarden i Nordahl Bruns gate 22, Bygdelagshuset, vedtekne i 1967 og tekne i bruk frå 1968. Han var dessutan redaktør for «Sogn heime og ute» – 50-årsskriftet for Sognalaget i 1964. Det var forresten han Andreas som gav namn til lagsbladet vårt, *Tre Fjordar*, då me slo saman Sognalaget, Sunnfjordlaget og Nordfjordlaget til Sogn og Fjordanlaget i 1987.

Den fyrste tidi i bygdelagsmiljøet var han ein ivrig dansar også, og han trefte kona, Ragna Myrstad frå Vågå i det miljøet. Saman fekk dei sonen Per Sæmund, ein framifrå folkemusikar på fele/hardingfele og eminent violinist i Filharmonien. Andreas var også aktiv i anna lagsarbeid, mest i Riksfondet for nynorsk presse og i venelaget for Det Norske Teatret, og han hadde mange vener og kjende i mållag og ungdomslag. Han var alltid arbeidsam og målretta og har skrive ein brote med artiklar og fleire bøker om språk og målbruks, lokal historie og litteratur.

Andreas var trufast på tilskipingane i laget vårt, både på årsmøti til for eit par år sidan, og på klubbefestane, den store haustfesten vår. I 2002, det året han på papiret vart pensjonist, hadde han programmet på festen, med eit både lærerikt og morosamt kåseri om språket vårt, sognamålet især. På same festen spela Per Sæmund og Jon Faulstad, på trekkspel, både lydarspel og til dans. Tittelen på programmet, «Folkemusikk og folkemål i særklasse», var i høgste grad treffande.

Me har mykje å takka han Andreas for og mangt godt å minnast etter han. Må laget halda hugmåli og verdiane hans høgt og soleis heidra det gode ettermælet hans.

*Alv Reidar Dale*, lagsleiar

## *Alf Prøysen*-kveld i Maridalen kirke søndag 1. juni kl. 19.00



Foto: Ukjent, frå nettet



FOTO: Oppland Arbeiderblad, arkiv ©

Kulturveld i Maridalen kirke  
om **Alf Prøysen** – 100-årsmarkering:



Foto: frå nettet

- Foredrag ved forfattar Ove Røsbak, som har skrive biografi om Alf Prøysen, vår fremste folkediktar
- Skodespelar Tone Ringen syng og les Prøysen
- Musikk ved pianist Torhild Fimreite
- Maridøl Gunnar Bjune held minikåseri
- Kaffi og kaker på kyrkjebakken
- Inngangspengar: kr. 100

Arrangør: Oslo mållag og Maridalen menighet

# **Protokoll frå årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo**

**24. februar 2014 kl. 19.00 i Nordahl Bruns gt. 22, Oslo**

## **Sak 1: Opning, godkjenning av innkalling, val av ordstyrar, referent, protokollvitne og teljekorps**

9 medlemmer møtte. På slutten av møtet var det 11 medlemmer til stades. Alv Reidar Dale ynskte vel møtt til møtet. Innkallinga vart samrøystes godkjend.

### Konstituering:

Ordstyrar: Alv Reidar Dale

Referent: Jofrid Holter

Protokollvitne: Jostein Bareksten og Andor Gjelsvik

Teljekorps: Agnar Hegrenes

**Vedtak:** Alle vart samrøystes valde.

## **Sak 2: Godkjenning av saklista**

**Vedtak:** Saklista vart godkjend utan merknader.

## **Sak 3: Årsmelding for 2013**

Alv Reidar Dale gjekk gjennom meldinga.

Medlemmer: Medlemstalet har gått ned frå 81 til 71 medlemmer.

Studenthyblane: Framlegg om at ein skal avertere ledige hybler på heimesida til laget.

Klubbefesten var vellukka med underhalding av Linda Gytri og Dag Vanberg. Det var om lag 100 frammøtte. Framlegg om prøve med lysing i *Dag og Tid* og kunngjering i Hva skjer-spalta i *Aftenposten*.

Presse- og PR-nemnda: Lagsbladet *Tre Fjordar* vert no sendt ut som pdf-filer i vedlegg til e-post til dei som har e-postadresse. Bladet vert også lagt ut som pdf-fil på laget si nettside.

Hyttestyret: Arbeidet med opprusting av Pustut held fram i 2014. Nyopning av hytta etter oppussinga vert truleg til hausten 2014. Det vart ikkje noko av det planlagde samarbeidet med lokale krefter om servering på

Nordfjordhytta i skisesongen.

Årsmeldinga for Sogn og Fjordaneringen 2013 vart teken til vitande.

**Vedtak:** Årsmeldinga for Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend utan merknader.

## **Sak 4: Rekneskap for 2013**

Styret hadde følgjande framlegg:

- Det bør hentast inn nye tilbod på forsikring på hyttene.
- Leigerettar til studenthybler vert nedskrivne til kr. 1,- pr. stykk, frå kr. 24 000,- til kr. 3,-
- Lutar i Det Norske Teatret. Styret må skaffe greie på kor mange lutar laget har. Det avgjer kor mange utsendingar laget kan ha på årsmøtet i teatret.
- Godkjenning av tilleggsloyyving til Sunnfjordhytta (Pustut) på kr. 16 000,-.

**Vedtak:** Rekneskapen til Sogn og Fjordanelaget vart samrøystes godkjend. Rekneskapen til Sogn og Fjordaneringen vart teken til vitande.

## **Sak 5: Medlemspengar for laget**

Styret hadde gjort framlegg om uendra medlemspengar for 2015: kr. 400,- for vaksne, kr. 150,- for ungdom og kr. 0,- for born.

**Vedtak:** Styret sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Årsmøtet oppmodar styret om å sende ut giro med medlemskort for 2014.

## **Sak 6: Arbeidsprogram og budsjett for 2014**

I tillegg til dei oppgåvane som er nemnde i årsmeldinga, vart det drøfta om ein kan få til meir bruk av hyttene. Ein kan t.d. invitere til dagsturar med enkel servering.

Laget planlegg ei større markering våren 2015 i høve laga sine 100 år. Styret må setje ned ei nemnd med 3 personar: ein frå Nordfjord, ein frå Sunnfjord og ein frå Sogn. Desse kan knyte til seg andre ressurspersonar.

**Budsjettet:** Årsmøtet i laget ser med uro på den store budsjettposten (kr. 50 000,-) til jubileumsfeiring i Sogn og Fjordaneringen. Årsmøtet ber om at ringen leverer eit oversyn kva pengane skal brukast på, til styret i laget.

---

**Vedtak:** Styret sitt framlegg til arbeidsprogram med det nemnde tillegget og budsjett for 2014 vart samrøystes vedteke.

### **Sak 7: Val**

Agnar Kvellestad hadde utarbeidd framlegg på tillitsvalde i 2014. Desse vart valde ved akklamasjon:

#### Styret

Leiar: Alv Reidar Dale (attval, 1 år)

Styremedlem: Hilmar Nummedal (attval, 2 år)

Styremedlem: Anny Sollid (ikkje på val)

Styremedlem: Jofrid Holter (attval, 2 år)

Styremedlem: Agnar Kvellestad (ikkje på val)

1. varamedlem: Martha Reksten (attval, 1 år)

2. varamedlem: Agnar Hegrenes (attval, 1 år)

#### Hyttestyret

Agnar Hegrenes (ikkje på val)

Dagfinn Aa (ikkje på val)

Andor Gjelsvik (attval, 2 år)

Oddvar Bjordal (attval, 2 år)

Jostein Bareksten (attval, 2 år)

#### PR- og pressenemnda

Agnar Kvellestad (attval, 2 år)

Ragnvald Halset (ikkje på val)

Elin Lovise Gjengedal (ikkje på val)

#### Revisorar

Arne Kvamme (attval, 1 år)

Ola Raftevoll (attval, 1 år)

#### Valnemnd

Styret får fullmakt til å peike ut valnemnd.

#### Representasjon

Utsendingar og varafolk til årsmøtet i BLS: Leiar, nestleiar og Arnold Haukereid

Utsendingar til årsmøtet i Det Norske Teatret: Anny Sollid og Jofrid Holter.

Vara: Martha Reksten

---

### **Godkjenning av styret i Sogn og Fjordaneringen:**

Desse vart valde på årsmøtet i ringen 21. januar 2014:

Leiar: Anne-Lise Berggren 1 år

Styremedlemmer: Valbjørg Grønvik 1 år

Axel Bugge 1 år

1.varamedlem: Ingeborg Fagnastøl 1 år

2.varamedlem: Olav Kvam 1 år

Styret i laget vel ein observatør til styret i ringen.

Jofrid Holter

Referent

Jostein Bareksten

Protokollvitne

Andor Gjelsvik

Protokollvitne

A

## PROGRAM FOR VINTEREN/VÅREN 2014

Tilskipingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Sjå <http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag	Kl. 18–22 folkedansøving i Storsalen.
Onsdag 12/3	Festmiddag på Kaffistova i høve 100 år sidan skipinga av Sognelaget
Måndag 24/2	Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget kl. 19.00
Laurdag 22/3	Hardinglaget 100 år
Søndag 30/3	Arne Sølvberg og Øyvind Lyslo spelar å Riksscena for folkemusikk og Folkedans
Torsdag 8/5	«Trost i taklampa» på Det Norske Teatret
Laurdag 10/5	Dugnad på Pustut i Lillomarka
17/5	Ringen dansar på helseinstitusjonar i Bærum
Helga 24-25/5	Dugnad og rekeselskap på Nordfjordhytta
Søndag 1/6	Bygdelagsstemnet på Folkemuseet på Bygdøy. Sjå bls.no
Laurdag 11/10	Sogn og Fjordaneringen feirar 60 år

### Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsendning av stoff til den neste avis er **13/5**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvellestad\\_krøllalfa\\_nmbu.no](mailto:agnar.kvellestad_krøllalfa_nmbu.no).

Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Ev. kontakt oss på tlf. Bilete er velkomne; helst digitale, men tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

No vert lagsbladet sendt ut berre i digital form til alle laget har e-postadresser til, me bed folk senda inn e-postadressa si til [hilmar\\_krøllalfa\\_getmail.no](mailto:hilmar_krøllalfa_getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane. Dei som ikkje har slik adresse, får framleis papiravisa.

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Bruns gate 22**  
**0165 Oslo**

### STYRET

Leiar:	Alv Reidar Dale <a href="mailto:a.r.e.dale@uniforum.uio.no">a.r.e.dale@uniforum.uio.no</a>	97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)
Kasserar:	Hilmar Nummedal <a href="mailto:hilmar@getmail.no">hilmar@getmail.no</a>	22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63

### PRESSE & PR

Leiar:	Agnar Kvellestad <a href="mailto:agnar.kvellestad@nvh.no">agnar.kvellestad@nvh.no</a>	22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
--------	--	-------------------------------

### HYTTESTYRET

Leiar:	Agnar Hegrenes <a href="mailto:agnar.hegrenes@nilf.no">agnar.hegrenes@nilf.no</a>	22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)
--------	--	-----------------------------------

Kontakt Sunnfjordhytta:  
Andor Gjelsvik  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

Kontakt Nordfjordhytta:  
Dagfinn Aa  
[daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no)

### SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar:	Anne-Lise Berggren <a href="mailto:alb@geofrost.no">alb@geofrost.no</a>	67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)
--------	--	-----------------------------------